



NAUTICA AS  
Slettanesvegen 39

5457 HØYLANDSBYGD

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2022/5577-29		24.05.2023

## Vedtak om tvangsmulkt - ny frist - lektar Eide Lift 9

Viser til vedtak om tvangsmulkt datert 14.02.2023 der frist om fjerning av lektar var to veker frå brevet sin dato. Nautica som er eigar av lektaren klaga på vedtak om tvangsmulkt. Kvinnherad forvaltningsutval hadde klagen føre i møte 15.03.2023, der vedtak om tvangsmulkt vart oppretthalde med endring av frist om fjerning til 01.06.2023.

Det vart sendt ut melding til Nautica om den 30.03.2023 med klagefrist på 3 veker. Det har ikkje kome klage på vedtaket.

Dette er eit nytt enkeltvedtak der frist om fjerning vert endra til 01.06.2023

### Saksopplysingar:

Den 14.02.2023 vart vedtak om tvangsmulkt sendt til eigar av Eide Lift 9 som ligg i opplag hjå grunneigar Røysaneset Industribase AS i Hillestadvågen.

Bakgrunnen for vedtak med varsel om tvangsmulkt var aksjonen Brann og redning og Kystverket hadde i august 2022 i Hillestadvågen etter at det var kome melding om akutt forureining av oljesøl. Kjelde til forureining viste seg å kome frå kranlektaren Eide Lift 9 der firmaet Nautica AS er eigar.

Same fartøy hadde hausten 2021 fått to ulike brev om pålegg. Det var pålegg om undersøkingar i samband med stabilisering av fartøyet, datert 21.10.21, og pålegg om undersøkingar om tilstand på fartøyet, datert 25.10.21. Situasjonen for fartøyet var kritisk då det fekk slagside på grunn av vassinntrenging via tæringshol på dekk, sjakt og eit utbrent styrehus. Etter førespurnad frå styreleiar Georg Eide i Nautica AS, vart rapport om undersøking av Eide Lift 9 utarbeida av Grønhaug Marineconsult AS, med liste over tiltak for å motverka forureining, datert 28.10.2021.

I vedtaket datert 31.10.2022 vart pålegg om fjerning grunngeve med dei uheldige tilhøva rundt fartøyet og på grunn av manglande tilbakemelding på utførte tiltak. Kommunen vurderte risikoen

for at liknande hendingar skulle skje igjen var stor. Vidare viste kommunen til manglande dokumentasjon på utførte tiltak som skulle vore tilbakemelde innan 25.11.2021.

I rapporten som er utarbeida av Grønhaug Marineconsult AS vart det peika på ein klar samanheng mellom tæringshol, vassinntrenging og slagside, og at dette var avvik som måtte utbetrast for å motverka forureining. Kommunen vurderte at årsak til forureining som skjedde 07.08.22 var at pålegg gjeve i brev hausten 2021 ikkje vart fullført og/eller ikkje vart utført på ein god nok måte.

Vidare i brevet stod det at å «*la eit slikt fartøy bli liggande etter så mange uttrykkingar vurderer vi som ein stor forureiningsfare. I risikoanalysen vurderer vi også faremomentet dersom fartøyet skulle søkkje som ei forureining i seg sjølv. Dersom pålegget ikkje blir følgt, kan forureiningsmynde syte for iverksetjing av tiltaka, jf. forurl. § 74. Utgifter, skade eller tap etter dette kan krevjast dekka av den ansvarlege etter forurl. § 76.*»

Klagefrist på vedtak datert 31.10.22 var 15.12.22. Styreleiar Georg Eide bad om utsett frist og kommunen vurderte at særlege grunnar kunne gi ny frist for klage. Dato vart sett til 04.01.23. Skriftleg klage vart motteke innan ny frist var utgått.

17.01.23 tok kommunen kontakt med Kystverket for å høyre om pålegget gjeve til styreleiar Georg Eide er tilbake meldt og lukka. Knut Arnhus i Kystverket seier at dei ikkje har motteke tiltaksplan eller sluttrapport, noko dei pålagde vedkomande å utarbeida. Styreleiar har svart til Kystverket at lektaren skal bli reparert og tilbakeførast i den stand den var og mogleg seljast. Kystverket har valt å ikkje gjere noko med avvikande tilbakemelding då dei kjende til at kommunen hadde pågåande sak på lektaren.

#### **Vedtak om tvangsmulkt:**

Forurl. § 73 seier følgjande om tvangsmulkt:

*«For å sikre at bestemmelsene i denne lov eller vedtak i medhold av loven blir gjennomført, kan forurensningsmyndigheten fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.*

*Tvangsmulkt kan fastsettes når overtredelse av loven eller vedtak i medhold av loven er oppdaget. Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som forurensningsmyndigheten har fastsatt. Tvangsmulkt kan også fastsettes på forhånd og løper da fra eventuell overtredelse tar til. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, eller at det forfaller for hver overtredelse. Tvangsmulkt fastsettes som løpende mulkt eller engangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forholdet varer, eller at det forfaller for hver overtredelse.*

*Tvangsmulkt ilegges den ansvarlige for overtredelsen. Er overtredelsen skjedd på vegne av et selskap eller en annen sammenslutning, en stiftelse, en kommune, fylkeskommune eller annen offentlig innretning, skal tvangsmulkten vanligvis pålegges virksomheten som sådan. Er overtredelsen skjedd på vegne av en beredskapsorganisasjon opprettet etter § 42, kan tvangsmulkten pålegges de deltagende selskaper.*

*Vedtak om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Forurensningsmyndigheten kan frafalle påløpt tvangsmulkt.»*

**Med heimel i forurl. § 73 vert det gjeve pålegg om tvangsmulkt. Dersom lektaren ikkje er fjerna frå Hillestadvågen innan 01.06.2023 påløper ei tvangsmulkt på kr. 50.000. Deretter løper ei tvangsmulkt på kr. 2.000 per dag inntil lektaren er fjerna. Kommunen må underrettast skriftleg**

når lektaren er fjerna. Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2, og tvangsmulkt kan inndrivast umiddelbart av Statens innkrevingsentral (SI).

### Grunngjeving for vedtak om tvangsmulkt

Sett i samanheng med akutte hendingar som har skjedd, manglande innsending av dokumentasjon og tiltak som ikkje har hatt god nok effekt, gjer dette at kommunen ser på fartøyet som ei potensiell forureiningskjelde. Det å la eit slikt fartøy bli liggande etter så mange ulike uttrykkingar vurderer kommunen som ein stor forureiningsfare. I risikoanalysen vurderer kommunen også faremomentet dersom fartøyet skulle søkkje som ei forureining i seg sjølv.

I vedtak datert 31.10.22 vart eigar informert om at dersom pålegget ikkje blir fylgt, kan forureiningsmynde syte for iverksetjing av tiltaka, jf. forurl. § 74. Utgifter, skade eller tap etter dette kan krevjast dekkja av den ansvarlege etter forurl. § 76.

### Klagerett

Dette er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28. Klagefristen er **3 veker** i frå vedtaket vert motteke.

Sjølv om det vert klaga på vedtaket, må ein i utgangspunktet følge pålegget. Kommunen kan likevel bestemme at pålegget ikkje skal gjennomførast før klagen er avgjord. Det kan skje på kommunen sitt eige initiativ eller fordi nokon ber om det, og avgjerda om dette kan ikkje påklagast, jamfør forvaltningslova § 42.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei  
*Konsulent miljøretta helsevern*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Gunn Berit Sandnes Fosse  
Synnøve Handeland

Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10

Mottakarar:  
NAUTICA AS